



Høyringsutkast nr. 2_Forskrift om skulereglar i Eidfjord kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Eidfjord kommune den 17. juni 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova §§ 10-7 og 13-1).

§ 1 Formål

Forskrift om skulereglar skal bidra til at elevar og tilsette på Lægreid skule har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring (opplæringslova § 12-2).

Reglane skal bidra til at elevane behandlar kvarandre og skulen sine tilsette med respekt og toleranse, og at dei tek medansvar for eit trygt og godt skulemiljø.

Skulereglane inneheld:

- reglar om skoledemokrati og organisering av skoledemokrati (opplæringslova §§ 10-4 og 10-5)
- elevane sine rettar
- reglar for orden og oppførsel
- tiltak ved brot på reglane og informasjon om korleis slike saker skal verta handsama

§ 2 Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar i 1.-10. årstrinn i den offentlege grunnskulen i Eidfjord kommune.

Skulereglane gjeld på skulen sitt område i skuletida, ved organisert skuleskyss, ved alternative læringsarenaer som er under skulen si leing og ansvar, på SFO og ved andre aktivitetar som har direkte tilknytning til skulegangen.

Skulereglane gjeld også utanfor skuletida når elevane er i ein situasjon der dei har tilknytning til skulen. Skulereglane er også gjeldande ved bruk av skulen sin digitale infrastruktur. SMS og sosiale media vil kunne verte omfatta av reglane. Også hendingar som skjer på fritida kan bli sanksjonert etter skulereglane, dersom hendinga påverkar det psykosiale og skulemiljøet til ein eller fleire elevar.

Skulen kan i tillegg utforma lokale retningslinjer som fremjar læring, helse, inkludering og trivsel, (t.d. egne klassereglar og ordensreglar). Retningslinjene skal vere i tråd med forskrifta.

§ 3 Skuledemokrati og organisering av skuledemokrati

Skulen må aktivt leggja til rette for at alle elevar skal kunna ytra seg, og oppmuntra dei til å delta i skuledemokratiet uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå og sosial bakgrunn.

Skulen skal hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet. Skulen skal ha eit elevråd valt av elevane. Elevane kan velja å organisera seg på ein annan måte (opplæringslova § 10-5). Eidfjord kommune har eit aktivt ungdomsråd som har valte representantar frå ungdomstrinnet og vidaregåande skule. Desse har rett til å få fritak frå undervisning når vervet deira krev det.



Skulen skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skulen (FAU). Foreldra ved skulen avgjer sjølv korleis arbeidsutvalet skal veljast og organiserast. Foreldra kan velja å organisera seg på andre måtar enn ved eit arbeidsutval (opplæringslova § 10-5).

Ved kvar grunnskule skal det vera eit samarbeidsutval (SU) som har rett til å uttala seg om skulereglar og lokale reglar. Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ og har ikkje beslutningsmynde for skulen (opplæringslova § 10-5).

Samarbeidsutvalet skal vera samansett av elevar, føresette, tilsette, rektor og politisk oppnemnd medlem. Rektor er sekretær for samarbeidsutvalet. Elevane skal ikkje delta i handsaming av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om skuleregler, utviklingsplanar for skulen, framlegg til budsjett, plan for heim-skule-samarbeid, skulevurdering, trafikkforholda til og frå skulen, skuleskysst og planer for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga.

Samarbeidsutvalet skal ha minimum to møter i skuleåret.

§ 4 Bruk av mobiltelefonar og smartklokker

Skulen i Eidfjord kommune skal vera mobilfri i tråd med nasjonale tilrådingar. Skulen skal utarbeida lokale retningslinjer om oppbevaring av mobiltelefonar i skuletida. Mobiltelefonar kan brukast pedagogisk i opplæringa etter avtale med tilsette og/eller i tråd med eventuelle sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak.

Smartklokker skal likestillast med mobiltelefonar.

Digitale krenkingar som påverkar elevane sin skuledag og kvardag, er forbode. Det same gjeld for digital trakassering av tilsette.

§ 5 Eleven sine rettar

Elevar har rett til

- å uttrykke seg om korleis dei har det og om det som er viktig for dei
- eit trygt og godt skulemiljø som fremjar læring, helse, inkludering og trivsel. Dette inneber at elevar har rett til å ikkje bli plaga, mobba eller haldne utanfor.
- å vere ein del av skulen og klassen sitt fellesskap, både fagleg og sosialt
- at omsynet til deira beste vert vurdert før det vert teke slutningar som vedkjem dei
- å bli handsama på ein ordentleg måte og vist respekt og forståing

§ 6 Orden

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å

- ha med bøker og nødvendig utstyr



- gjera skulearbeidet innan fastsette fristar
- møte presis til opplæring og avtalar
- ikkje forlata skulen sitt område utan løyve
- ta vare på og halda orden i utstyr som vert brukt i opplæringa
- bidra til å halda inne- og uteområda fri for søppel og kjeldesortera avfall, om skulen dei går på har ordning for dette
- Alle elevar er sjølv ansvarlege for klede, pengar, og verdisaker som dei har med seg på skulen.

Reglane skal verta gjennomgått med elevane i august og januar kvart år.

§7 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd, både mot elevar, lærarar og andre tilsette.

Det er god åtferd å:

- bidra til å skapa eit positivt og inkluderande skule- og læringsmiljø
- ta omsyn til og visa respekt for medelevar og tilsette
- delta og vera aktivt med i opplæringa
- bidra til arbeidsro i opplæringa
- følgja beskjedar frå dei tilsette på skulen
- følgja skulen sine retningslinjer for bruk av digitale løysingar
- behandla undervisningsmateriell, bøker og utstyr inne og ute forsvarleg

Åtferd som ikkje vert akseptert er å:

- utsetja andre for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, rasisme, utestenging, vald eller truslar om vald
- ta med eller bruka gjenstandar som kan skada personar, bygningar eller inventar
- ta med eller bruka sigarettar, snus, e-sigarettar, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- utøva hærverk på skulen sin eller andre sin eigedom
- bruka plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet
- fusk/ juks og plagiat ved prøvar eller i anna skulearbeid

Reglane skal verta gjennomgått med elevane i august og januar kvart år.

§ 8 Grunnlag for vurdering i orden og åtferd

Grunnlaget for vurdering av orden og åtferd er om eleven opptre i samsvar med §§ 6 og 7 i dette reglementet. Ved vurdering i orden og åtferd gjeld også §§ 4-2 og 10-7 i forskrift til opplæringslova.



§ 9 Tiltak ved brot på skulereglar

9-1 Merknad:

- Dei tilsette på skulen kan gje ei munnleg eller skriftleg melding.

9-2 Kontakta føresette:

- Føresette vert kontakta via skriftleg melding i skulen sitt elevadministrative system eller ved at ein ringjer frå skulen.

9-3 Nedsett karakter:

- På ungdomstrinnet kan brot på skulereglane føra til nedsett karakter i orden og åtferd. Karakterane i orden og åtferd vil som hovudregel verta sett ned ved gjentakande brot på ein eller fleire skulereglar. Ved alvorlege brot på skulereglane kan karakteren verta sett ned på grunn av einskildhendingar.

9-4 Inndraging av gjenstandar:

- Gjenstandar som forstyrrar arbeidsro og opplæring kan mellombels inndragast frå elevar.
- Kor lenge gjenstandane kan vera fråtatt ein elev må vurderast ut frå kor alvorleg og gjentakande brotet på reglane er.
- Inndregne gjenstandar som er mellombels tatt frå eleven, skal leverast tilbake til eleven seinast etter at skuledagen er slutt.
- Inndregne gjenstandar som sigarettar og/eller snus må hentast av føresette.
- Ulovlege gjenstandar som t.d. våpen og våpenliknande gjenstandar, og alle former for rusmiddel, skal inndragast av skulen. Rektor vurderer om ein skal leverast til politiet. Føresette vil verta varsla.

9-5 Endringar av kvar eleven oppheld seg og utfører oppgåver:

- Ved brot på skulereglar kan elevar få pålegg om å utføra oppgåver i skulebygget utanfor klasserommet, før eller etter skuletid for å retta opp skade som er påført skulen si eigedom eller eigedeler. Skulen kan krevja at eleven er på skulen før eller etter skuletid, og eventuelt endra friminutt med omsyn til tidspunkt og lengde.

9-6 Erstatning

- Ved skade eller skadeverk på eigedom eller utstyr til skulen kan eleven og føresette til eleven gjerast erstatningsansvarleg etter skadeerstatningslova §§ 1-1 og 1-2. Eleven kan få tilbod om å utbetra skaden sjølv om det er mogleg og hensiktsmessig. Det same gjeld om eleven har forårsaka tap av undervisningsmaterieil.

9-7 Pålagt skulebyte (jf. opplæringslova § 13-2)

- Kommunalsjef for oppvekst/rektor/einingsleiar kan fatta vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skule dersom åtferda til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar.



§ 10 Framgangsmåte ved bruk av tiltak etter § 9

Eleven har rett til å bli høyrte før det vert teke avgjerd om tiltak, jf. § 10-2 første ledd andre punktum.

Alle tiltak ved brot på reglar skal vera av ein slik art at eleven forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. I vurderinga av tiltak skal regelbrot og tiltak sjåast i samanheng. Tiltaket må stå i rimeleg høve til brotet på reglane og tiltak bør kome så nær regelbrotet i tid som råd er. Det skal leggjast vekt på alder, føresetnader og vilje hjå eleven til å rette opp i regelbrotet.

Kollektive reaksjonar ved brot på reglar skal ikkje førekoma.

Fysisk refs eller krenkande handsaming av elevar ved brot på reglar er ikkje lov.

§ 11 Handsamingsreglar ved tiltak etter § 9

Skulen skal følgja reglane i opplæringslova når ein handsamar brot på skulereglane. Når avgjerd om tiltak vert rekna som enkeltvedtak, skal ein følgja sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kap. III - VI.

Føresette til eleven skal varslast før vedtak vert gjort og dei skal ha høve til å uttala seg innan ein gjeven frist. Som regel skal ein varsla skriftleg.

Skulen skal sjå til at saka er så godt opplyst som råd før det vert fatta vedtak. Eleven skal ha høve til å forklara seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Enkeltvedtak skal vera skriftleg og grunngjeve. Vedtaket skal kunna klagast og må difor ha opplysningar om korleis ein kan klaga, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klaging

§ 12 Vedtak om bortvising (jf. opplæringslova 13-1)

12-1 Vilkår bortvising

Ein kan berre visa elevar bort som direkte konsekvens av svært alvorlege eller gjentekne brot på skulereglane.

Terskelen for å bortvisa elevar skal vera høg og berre vera eit tiltak i unntakstilfelle.

Dette gjeld uavhengig av lengda på bortvisinga. Andre tiltak skal alltid vurderast før bortvising vert nytta. Ei vurdering av barnets beste vil som regel tilseia at dette tiltaket skal nyttast i svært få tilfelle.

Elevar på 1.-7. trinn kan bortvisast for enkelttimar eller resten av skuledagen ved alvorleg brot på ordensreglementet. Foreldra skal få melding før ein elev på 1.-7. trinn blir vist bort for resten av



dagen. Bortvising kan berre setjast i verk for elevar på barneskulen med mindre skulen organiserer tilsyn eller eleven vert henta av foreldra.

Elevar på 8.-10. trinn kan bortvisast i inntil tre dagar. Føresette skal få melding om bortvisinga.

12-2 Handsaming av bortvisningstiltak

Det er rektor som vedtek bortvising frå opplæringa.

Bortvising for ein dag eller meir vil vera eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 som kan klagast på. Reglane i forvaltningslova kapittel IV-VI gjeld for einskildvedtak. Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans.

§ 13 Straffbare forhold

Straffbare forhold skal som hovudregel verta meldt til politiet.

§ 14 Iverksetting

Denne forskrifta skal tre i kraft 1. august 2024